

HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENTET  
Postboks 8011 Dep  
0030 OSLO

Att. Emilie Lillevik Simeonov

|                               |                                          |                                     |                            |
|-------------------------------|------------------------------------------|-------------------------------------|----------------------------|
| <b>Deres ref.:</b><br>24/4320 | <b>Vår ref.:</b><br>2024/1078 - 615/2025 | <b>Saksbehandler:</b><br>Atle Lunde | <b>Dato:</b><br>20.01.2025 |
|-------------------------------|------------------------------------------|-------------------------------------|----------------------------|

**Høringssvar - Endringer i helsetilsynsloven mv. og opphevelse av lov om statens undersøkelseskommissjon - ny meldeordning (oppfølging av Varselutvalgets rapport) - Regionalt brukerutvalg i Helse Vest RHF**

UKOM er eit sjølvstendig organ som blei oppretta etter påtrykk frå pårørande. Deira mandat er å forbetre pasientsikkerheit ved å granske i alle sektorar og nivå ved alvorlege hendingar og dermed bidra til læring og forbetring av helsetenestene. Dei har levert utfyllande rapportar og analyser som har bidratt til læring og hatt auka merksemd på sårbare grupper som til døme utviklingshemma personar og personar innan psykisk helse- og rus innan befolkninga. UKOM har teieplikt og utan sanksjonsrett og pasientar og pårørande er ein meldekanal både for pasientar, pårørande og helsepersonell.

Regionalt brukarutval er bekymra for at regjeringa sitt forslag om å slå i saman UKOM med Statens helsetilsyn kan føre at helsepersonell vil kunne risikere å stå utan ein trygg meldekanal der dei ikkje er i fare for å oppleve sanksjonar om dei varslar. Pasientar og pårørande på sin side avhengig av å kunne melde inn eigne saker som UKOM kan belyse. Dersom pasientar og pårørande for framtida ikkje har denne kanalen å melde inn saker til så er Regionalt brukarutval bekymra for at saker til ein allereie overbelasta Statsforvaltar vil auke og lang behandlingstid kan medføre auke i mengde og grad av alvor i uønskte hendingar.

UKOM er ein viktig meldekanal som pasientar og pårørande kan nytte. Om UKOM avviklast vil pasientar og pårørande sine rettigheter reduserast og pasient- pårørandestemma vil reduserast i forbetnings- og pasientsikkerheitsarbeidet. UKOM har levert fleire transparente rapportar som er av stor viktigheit for pasientar og brukarar av helsetenestene. Me ynskjer å framheve "Somatisk helse hos pasienter hos pasienter med alvorlig psykisk lidelse" som gjev eit innblikk i ei sårbar gruppe som har kortare levetid enn andre i befolkninga.

UKOM har eksistert i få år og det har ikkje vore noko evaluering av arbeidet deira og kva påverknad og resultat dei har hatt for å auka pasientsikkerheit. Det er heller ikkje gjort noko

evaluering av tilbakemeldingar på kva pasientar og pårørande erfarer i deira kontakt med UKOM når dei melder om alvorlege hendingar.

Regionalt brukarutval støttar forslaget om eit nasjonalt register for å kartlegge ynskja hendingar, dette kan bidra til auka pasientsikkerheit og læring på tvers av føretak. Regionalt brukarutval har forståing for at regjeringa ynskjer å samle ressursane både av omsyn til personell og økonomi, men meiner at forslaget vil redusere pasient og pårørandedmedverknad, samt ha konsekvensar for Statsforvaltar med auka saksmengd frå pasientar og pårørande.

Opprettinga av UKOM kom blant anna etter påtrykk frå pasientar og pårørande, og kor UKOM sine undersøkingar på mange måtar tar utgangspunkt i dette perspektivet. Med UKOM sin avhengigheit vil dette brede synet ivareta både pasient perspektivet og alle dei andre nivåa i helsevesenet. Ved å flytte kontroll av alvorlege og uheldige hendingar til nasjonal forvaltning, mister vi pasientar ein uavhengig sikkerheitsmekanisme og på sikt mogelegheiter til å lære av hendingane.

Sjølv om Helse Vest oppmuntrar meldekultur for alvorlege hendingar, er me ikkje i tvil om at dette lettare kan gjerast til ein sanksjons fri etat. Underrapportering av slike hendingar er til fare for pasientsikkertein og mindre reell oversikt over pasientskader og uønskt variasjon i helsevesenet.

Me ber om at UKOM består slik den gjer i dag, og at løysningen utvidast! Me deltar gjerne som brukarmedverknadar i en slik utviding av mandatet for å sjå på også nye områder kor UKOM sin kompetanse kunne vært brukt.

Brukarane av helsetenestene har behov for “ørneblikket” UKOM bidrar med i helsevesenet for å ivareta pasientar og pårørande sin sikkerheit. I forhold til noverande forslag kan me ikkje sjå mogelegheita for at ein kan vidareføre denne funksjonen.

Høyringa omhandlar og forslag om å endre tida frå helseføretak kontaktar pasient, pårørande og attlevande etter alvorlege hendingar frå ti til fem dagar. Regionalt brukarutval meiner det bør vere dialog rett etter alvorlege hendingar dialogen må dokumenterast skriftleg. Tidleg dialog viser at helseføretaka er transparente og det utløyser tillit i befolkninga.

Vennlig hilsen  
Regionalt brukarutvalg i Helse Vest RHF

Atle Lunde  
leiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

#### **Digital kommunikasjon**

Vi har elektronisk saksbehandling og er opptatt av at informasjon, også taushetsbelagt, skal kunne sendes på en rask og sikker måte. Vi ber derfor om at et eventuelt svar på denne henvendelsen sendes gjennom en av disse kanalene:

- Privatpersoner og private virksomheter: [eDialog](#)
- Offentlige virksomheter: eFormidling (via eget sak-/arkivsystem)